



Veterinærinstituttet
National Veterinary Institute

Notat

Oppsummering av utgreiingsarbeidet i Rana-området i 2015

Utarbeida for Mattilsynet

Desember 2015

Bakgrunn

Gyrodactylus salaris vart påvist i Ranaelva etter fiske i OK-programmet hausten 2014 og ei smittereduserande behandling med CFT-Legumin vart gjennomført 4.oktober same år. I 2014 vart det gjennomført ei epidemiologisk kartlegging i regi av Veterinærinstituttet (VI) for å avdekke mogleg opphav til smitta. VI fekk den 21.10.14 ei bestilling på analyse av situasjonen i Rana-området etter nypåvisinga av Gyrodactylus salaris. Rapporten vart levert Mattilsynet 11.06.2015. Her gjekk ein gjennom moglege tiltak for å avdekke smitten, som etter all sannsyn, var ovafor anadrom stekke i elva, men ikkje ovafor Reinforsen.

Den 11.09.2015 kom bestillinga frå Mattilsynet om epidemiologisk kartlegging for å avdekke opphav til ny smitte i Ranaelva.

Arbeidet i 2015

I samsvar med rapporten frå VI vart det skissert tre tiltak i bestillinga frå Mattilsynet:

- 1) Gjennomgong av Statskog sine utsettingsarkiv
- 2) Intervju med eigarar av gårdsdammar
- 3) Prøveuttak av røye frå 3-4 småvatn

1) Statskog gjekk gjennom arkiva sine over utsettingane mot sommaren 2015. Dei såg etter kva artar som var utsett, frå kva lokalitet desse utsettingane kom og kva artar som vi i utsettingslokalitet i eit tidspunkt mellom 1970 og 1983.

Arkiva viser at det er satt ut både regnbogeare, dansk bekkeare, laks, aure og røye. Basert på opplysningane som kom inn vart det valt ut tre vatn å fiske i: Stor-Akersvatnet, Kallvatnet og Raudvatnet. Dette er større vatn det er viktig å avklare smittestatus på.

2) Ei lokal arbeidsgruppe vart starta på vinteren 2015. Mandatet til denne gruppa var å få inn informasjon om lokale utsettingar i Ranaelva sitt nedbørsfelt. Den informasjonen som kom inn skulle gås gjennom og vidaresendas til Veterinærinstituttet. Denne informasjonen vart motteke sommaren 2015, og etter ferien vart det valt ut vatn på bakgrunn av anbefalingane frå den lokale gruppa.

Fleire vatn heng saman, og ved desse tilfella vart det fiska i det nederste vatnet. Dette var etter modell frå utgreiinga i Vefsna. Vatna vart da Damtjønna og Stortjønna (Solum). Det viste seg å vere vanskeleg å komme til i Damtjønna, og det vart difor fiska i Litj-Raudtjønna som ligg oppstraums Damtjønna. Etter å ha vore i kontrakt med grunneigar i Stortjønna vart det bestemt å ikkje prioritere denne tjønna. Dette frigjorde ressursar til å fiske i andre område.

Plura har heile tida utpeikt seg som eit særskilt interessant område på grunn av prevalens og intensitet av parasitten i nærleiken av utløpet i Rana. Det var planlagt at det skulle el-fiskas i Plura. Denne el-fiskinga vart avlyst på grunn av høg vassføring gjennom den moglege prøvetakingsperioden. I staden vart det garnfiska i ein kulp ved Jordbru.

Under grunneigarmøtet i Plura kom det fram informasjon om at det hadde vorte satt ut dansk bekkeare i Svarttjønna som drener til Sagbekken i Plurdalen.

3) Statskog og MON (Mosjøen og omegn Næringssselskap) har, på oppdrag frå VI, fiska i utvalte vatn. Vatna vart valt ut frå gjennomgangen av Statskog sine arkiv og frå opplysingane frå lokale i området. Fiske og handteringa av fisk og finner skjedde etter arbeidsinstruks som er utarbeida av VI. Prøvematerialet vart sendt inn til analysar hjå Veterinærinstituttet i Oslo.

Tabell 1. Fiske, fangst og innsats i utgreiingsfiske gjort av Statskog og MON.

Lokalitet	Fanga røyer(tal)	Garnnetter	Ruser (tal)	Analysert fisk
Kallvatnet*	2	28	20	2
Stor-Akersvatnet	800	40	10	598
Raudvatnet	422	24	20	422
Litj-Raudvatnet	5	26	-	5
Plura	74	7	-	74
Svarttjønna	0	11	5	0

*Delt på to lokalitetar; Stor-Kallvatnet og Langtjønna. Desse heng saman ved høg vassføring.

Arbeid i 2016

Det vart ikkje påvist G. salaris i prøvane tatt i 2015.

VI ønsker difor å fortsette med arbeidet for å undersøke nye vatn i området. Etter intervjurunden med grunneigarane ser vi at det vil vere ønskeleg å fiske i enkelte fiskedammar.

Dei vatna som er fiska i 2015 er valt ut på grunn av storleik, eller opplysingar som gjer dei ekstra interessante. Det har komme inn forslag til fleire vatn det bør fiskas i, men som ikkje kunne prioriteras i 2015. Desse bør undersøkast i 2016. Arbeidet med å finne nye potensielle smittekjelder i området bør òg halde fram, spesielt med hjelp av lokale.

Det er eit stor arbeid som er gjort i 2015. Med dei resultatane som kom fram frå denne runden ser vi at vi framleis har eit stort arbeid framfor oss.